

Rutiner m.m. Tildelingskriterier/serviceerklæringer

Ambulerende vaktmeister

Dokumentnummer 244, Versjon 7.5

Endret: JO ENGUM (22.01.16)

Tildelingskriteriene er vedtatt av kommunestyre i NFK 14.12.15

Ansvarlig: Kommunalsjef

Formål med tenesta

Heimetenesta ved avdeling for ambulerande vaktmeister skal arbeide for at flest mogleg brukarar skal få bu heime lengst mulig. Brukarar skal oppleve trygghet og livskvalitet så lenge dei bur heime. Formålet med tenesta er å leggje til rette så brukar blir mest mulig sjølvhjulpen og i stand til å ivareta egne behov .

Kven får tenesta

Du kan søke om ambulerande vaktmeister dersom alder, funksjonshemming, sjukdom, stort omsorgsansvar eller akutte situasjonar gjør at du har behov for hjelp i heimen.

Ambulerande vaktmeister blir tildelt etter ei individuell vurdering der en tar omsyn til:

- Søkaren sin situasjon
- Kva søkaren kan klare sjølv.
- Husstandsmedlemmer.
- Tilgang på anna hjelp
- Når brukaren bur saman med andre blir det gjort ei heilhetleg vurdering av husstanden sin situasjon.
- Hjelpet behovet vil fortløpande bli vurdert.

Tenesta sitt innhald

Tenesta inneholder:

- Tryggingssalarm; montering, reparasjon og opplæring.
- Tekniske hjelpemiddel; utkjøring, justering og reparasjon av hjelpemiddel. Dette er gratis.
- Praktisk hjelp: bære inn nødvendig ved og bistå med nødvendig oppvarming (frem til frysing med strøm/varmepumpe er på plass), snømåking og strøing.

Forventningar til ambulerande vaktmeister

Ambulerande vaktmeister skal:

- Bære legitimasjon-/ID-kort.
- Være hos brukar til avtalt tid og varsle dersom det blir meir enn 1 time endring på avtalt tid når arbeidet skal gå for seg innomhus. Dette gjeld ikkje for utarbeid som snømåking o.l.
- Ikkje ta imot gåver frå brukarane; dette gjeld ikkje for gåver av ubetydeleg verdi slik som blomster, konfekteske o.l.
- Følgje gjeldande reglement for arbeidsantrekk.
- Sørgje for god hygiene i vaktmeisterbil og ved handtering av hjelpemiddel.
- Samarbeide med hverdagsrehabiliteringsteamet der dette krevjas som en del av oppfølging av ein rehabiliteringsplan.

Ambulerande vaktmeister har:

- Rapporteringsplikt til overordna ved endringar hos brukar; eks. endringar i helsetilstand og funksjonsevne.
- Teieplikt i alle forhold rundt brukaren.
- Ansvar for å gjere sitt til å bidra til eit godt samarbeid med brukaren / pårørande.

Forventningar til brukar/pårørande

Brukar skal:

- Vere til stades i heimen den tida vaktmeister er på staden dersom ho/han skal utføre arbeid innomhus.
- Gi beskjed til vaktmester dersom ho/han er bortreist eller varsle til resepsjonen på Sundheim, tlf. 612 16 400
- Unngå røykfylt luft i rom der vaktmeister skal arbeide/oppthalde seg, lufte godt ut før ho/han kjem og ikkje røyke når vaktmeister er til stades
- Brukar skal legge til rette for alternativ oppvarming som strøm eller varmpumpe, der bruker ikkje greier å fyre med ved/parafin. Dette gjeld også dersom oppvarming går for seg på ein slik måte at det er brannfarleg. Pårørande skal evt. bli involvert i dette arbeidet.
- Brukar må sjølv halde sand / strømiddel om vaktmeister skal hjelpe til med å strø på glatt føre.
- Gjere seg kjent med innhaldet i vedtaket.

Oppgåver som ikkje inngår i praktisk bistand/vaktmeistertenester

- Det vil ikkje bli gitt hjelp til fylling av parafin på dag tank.
- Bæring og fyring med ved kunn i kortare periode til alternativ oppvarming som strøm eller varmpumpe er på plass.

Praktiske opplysningar

Kostnader:

Eigenbetaling for ambulerande vaktmeister; jfr. vedlagte prisliste.
Rekning blir sendt etterskottsvis med forfall den 20. i kvar måned.

Eigenbetaling, iht. Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester, skjer på grunnlag av netto inntekt av samla skattbar inntekt for husstanden (ektefelle/sambuar, heimebuande barn) før særfrådrag. Inntektsgrensa vert justert etter grunnbeløpet i folketrygda. Satsar for eigenbetaling vert vedtekne av kommunestyret kvart år. Beløpet kjem fram også i vedtak om tenester. I vedtaket vert det skildra innhald og tidsbruk for tildelt hjelp og bistand.

Dersom du skal søke eller si opp tenesta, har spørsmål o.l. kan du ta kontakt med: Sundheim Bo- og Treningscenter, 2640 Vinstra. Tlf. 61 21 64 00.

Lovgrunnlag, saksgang og klagerett

Lovgrunnlag:

- Ambulerende vaktmester tildeles i enkeltvedtak til brukarene etter lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1a annet ledd. Pasient og bruker har rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester frå kommunen. Etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 skal kommunen blant annet sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.
- For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 skal kommunen blant annet tilby personlig assistanse, her under praktisk bistand og opplæring, jf. § 3-2 første ledd, nr. 6 bokstav b.

Saksgang:

- Alle søknadar skal svarast på innan 14 dagar. Svaret skal minimum vere i form av eit standard svarbrev der søkjar m.a. får vite når saka er forventa ferdigbehandla.
- All tildeling av tenester vert gjort med bakgrunn i kartlegging av brukaren sine ressursar og behov etter individuell og tverrfagleg vurdering. Målsetting med opphaldet vert sett saman med brukar.
- Skriftleg vedtak med målsetting, skildring av tenesta og informasjon om institusjonen vert sendt til brukar.
- Betaling for tenesta vil koma fram i vedtaket.
- Kontakt med andre tenesteområder vert vurdert ved behov.

Klagerett:

Brukar kan klage på vedtaket. Klagefristen er 3-tre-veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal sendes til den som har utarbeidet vedtaket (adr. Sundheim Bo og Treningscenter). Klagen fører til ny saksbehandling. Dersom klager får avslag blir saken sendt til Fylkesmannen i Oppland for endeleg avgjerd.